

Saksprotokoll

Organ: Plan og forvaltningsutvalet

Møtedato: 09.02.2021

Sak nr.: 20/10887-5

Internt l.nr. 3663/21

Sak: 7/21

Tittel: Saksprotokoll - Mindre endring - detaljreguleringsplan for Lerum brygge

Handsaming:

Habilitet:

Oddbjørn Bukve (Sv) bad utvalet vurdere hans habilitet etter paragraf 6 i forvaltningslova. Grunngeving er at sonen hans har delteke i arbeidet med reguleringsendringa, og har representert Lerum brygge i møte med Sogndal kommune under førebuing av saka.

Habilitet vart røysta over. Plan og forvaltningsutvalet fann Oddbjørn Bukve (Sv) er inhabil i saka, samrøystes.

Lin Åm (MPG) deltok som varamedlem.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Plan- og forvaltningsutvalet vedtek mindre endring av detaljreguleringsplan for Lerum Brygge i samsvar med plan- og bygningslova § 12-14.

Endringane går fram av:

- plankart dagsett 18.11.2020;
- føresegner dagsett 16.12.2020 og;
- planomtale for endring dagsett 16.12.2020.